

Reglement for Råd for menneske med funksjonsnedsetting og eldre (RMFE2023)

§ 1 Lovheimel

RMFE er oppretta i samsvar med kommunelova (Lov-2018-06-22-83) § 5-12 og *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom* (forskrift om medvirkningsordninger).

§ 2 Oppgåver

RMFE er eit rådgjevande organ for dei kommunalpolitiske organ i Kvam herad og skal handsama alle saker som gjeld levekåra for eldre og saker som er særst viktige for personar med nedsett funksjonsevne. Døme på saker som rådet skal handsama: tilgjenge, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne, tenester for menneske med nedsett funksjonsevne, årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplanar, sektorplanar, reguleringsplanar, bustadprogram, samferdselssaker, kommunikasjonsplanar, kulturtiltak og andre kommunale tiltak som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne og eldre. Rådet kan ta opp saker på eige initiativ som fell under RMFE sitt ansvarsområde. RMFE skal ikkje handsame saker som gjeld einskildpersonar.

§ 3 Sakshandsamingsreglar

- Medlemene i RMFE skal ha tilsendt saksdokumenta i god tid før møta i rådet og møta i Kvam heradsstyre.
- Kvam herad skal leggja til rette for alle grupper funksjonsnedsetting i RMFE så langt dette let seg praktisk løysa.
- Rådet sin uttale til politiske saker skal følgja saksdokumentet til det kommunale organet som tek den endelege avgjerla i saka.
- Den representanten i RMFE som også er faste representantar i HST, har eit særskilt ansvar for at rådet sitt syn i politiske saker som er oppe til politisk handsaming vert gjort kjent for heradsstyret.
- Saklista til rådet skal setjast opp av leiar for RMFE i samråd med møtesekretær.
- Ordføraren kan kalla inn rådet eller delar av rådet til temamøte, informasjonsmøte og saksmøte når han/ho finn dette nødvendig.
- Leiar og/eller ein annan representant som er peika ut av rådet, kan presentera rådet sitt syn i politisk sak som er til politisk handsaming i formannskapet og heradsstyret. Dette gjeld saker som kjem inn under arbeidsområdet til rådet eller er av særskild interesse for rådet. Frammøte i formannskapet og heradsstyret skal avtalast med ordførar i forkant av møtet. Representant frå rådet slepp til i forkant av handsaminga og skal berre kort presentera rådet sitt syn for utvalet.
- Møteprotokollane til RMFE skal offentleggjerast, gjerast kjent for ordførar og dei politiske representantane i Kvam heradsstyre.

§ 4 Val og samansetjing

Kvam heradsstyre vedtek samansetjinga av rådet etter tilråding frå Kvam valnemnd, men interesseorganisasjonane til menneske med funksjonsnedsetting og pensjonistlaga skal ha moglegheit til å foreslå rådsmedlemer. Kvam heradsstyre skal velja leiar og nestleiar for RMFE. Leiar skal veljast mellom representantane frå interesseorganisasjonane og pensjonistlaga.

Rådet skal vera samansett slik:

Rådet skal vera samansett slik:

- 1 medlem med personleg vara blir valt blant dei faste representantane i heradsstyret (har ikkje røysterett i rådet)
- 4 medlemmer blir valt frå interesseorganisasjonane for menneske med nedsett funksjonsevne i Kvam.
- 4 medlemmer blir valt frå pensjonistlaga i Kvam/ eller personar som representerer dei eldre i Kvam (må vera over 60 år).
- 5 varamedlem blir valt frå interesseorganisasjonane for menneske med nedsett funksjonsevne i Kvam og pensjonistlaga i Kvam (eller personar som representerer dei eldre i Kvam).

Varamedlemene vert nummerert 1, 2, 3, .. og vert kalla inn i den rekkjefølgja etter melding om forfall blant dei faste medlemene.

Leiar for rådet skal vera eit av dei åtte rådsmedlemene tilrådd frå interesseorganisasjonane for menneske med funksjonsnedsetting i Kvam eller frå pensjonistlaga i Kvam (eller personar som representerer dei eldre i Kvam). Leiar vert gitt dobbelstemme i dei høva rådet deler seg likt i ei sak (4 vs.4).

Oppnemning av medlemmer gjeld for heile valperioden. Det vil seie 4 år om gongen.

§ 5 Møter

Det skal arrangerast møte i RMFE ved behov. Leiar har ansvar for at rådet vert kalla inn til møte. Dersom 1/3 av medlemene i rådet krev det, skal det kallast inn til møte. Medlemene i rådet kan melde inn saker, men det er leiar som vurderer om dei skal settast på sakskartet. RMFE kan gje uttale i ei sak/ gjera vedtak når 4 av medlemmene med røysterett er til stades. Det skal førast protokoll for kvart møte. Den som er valt som fast medlem i RMFE, pliktar å delta på rådet sine møter jamfør kommunelova § 8-1.

§ 6 Sekretariat

Politisk sekretær fungerer som fast møtesekretær for rådet. Sekretæren har ansvar for å ta kontakt med leiar for rådet dersom det er saker på den politiske dagsorden som rådet bør gi uttale til. Det er sekretæren som sender ut møteinnkalling til rådsmedlemmene, tar i mot forfallsmeldingar og kallar inn vararepresentantar. Sekretæren har vidare ansvar for å føre møteprotokoll etter kvart møte samt å offentleggjere protokollen jamfør § 3 i dette reglementet. Det er også sekretæren si oppgåve å syte for særskild tilrettelegging av saksdokument og møtelokale til rådsmedlemmene dersom dette er naudsynt.

§ 7 Årsmelding

RMFE skal utarbeide årsmelding om arbeidet til rådet. Det er leiar i rådet som har ansvar for at dette vert gjort. Årsmeldinga skal leggjast fram for Kvam heradsstyre som ei referatsak.

§ 8 Godtgjersle og arbeidsvilkår

Medlemmene i RMFE får utbetalt møtegodtgjersle, dekt tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter i tilknytning til møter i rådet jamfør *Arbeidsvilkår for folkevalde i Kvam herad*. For nokre medlemmer kan det vera naudsynt med spesialtransport til møte i rådet og andre møte i samband med rådsarbeidet. Dersom dette ikkje kan dekkast av TT- ordninga, skal Kvam herad dekkja desse utgiftene.